



KONTORLEIAR WENCHE EIDE SKEIE,  
PROSJEKLEIAR HEINE VIK OG  
DAGLEG LEIAR HÅKON HJARTNES.  
FOTO: HF REKLAME

# TEK SATS og VINN SAMAN

H2 Hardanger er eit rådgjevande ingeniørselskap innan bygg og anlegg, som tilbyr prosjektering og prosjektadministrasjon for offentlege og private byggherrar. Verksemda har kontor i Kvam, men er involvert i prosjekt i heile Noreg. H2 Hardanger AS blei skild ut av H2 Byggeteknikk AS i 2019.

-Eg hadde lenge drøymt om å etablere ei sjølvstendig verksemd i Norheimsund og likevel ha moglegheit til å jobbe med store og utfordrande prosjekt, seier dagleg leiar Håkon Hjartnes. -I 2019 tok eg steget, og det har vist seg å vere ein stor suksess. Verksemda har vakse frå tre til tretten tilsette på under tre år. Aldersspennet er frå 26 til 51 år.

Det er kanskje lett å tenke at det er i storbyane ein finn dei mest attraktive arbeidsplassane. - Eg kunne nok fått meg jobb i ei større verksemd sentralt, men spennvidda i H2 er stort og det freista meg, seier Erlend Ukvitne (26), som er det ferskaste tilskotet i H2. Han byrja som sivilingeniør i august, og kom direkte frå skulebenken.

-Eg lærer mykje og får ta del i store og spennande prosjekt, fortel Erlend. Han legg ikkje skjul på at det i tillegg har vore frigerande å koma tilbake til fjord, fjell og familie igjen. - Mange nyutdanna søker oftast mot profilerte verksemder, men etter å ha blitt betre kjend med H2, så er eg overtydd om at eg tek del i vel så mange bra prosjekt som eg ville gjort i til dømes Oslo eller Bergen.

## ALLSIDIG PROSJEKLEIING

H2 Hardanger AS har endra seg frå å berre drive med byggprosjektering til no å kunne tilby eit større utval av tenester. - Dei siste åra har me satsa tungt på prosjektadministrasjon, noko som har utvikla verksemda og gitt mange nye oppdrag. Særleg har me fått eit godt fofeste innan oppdrettsnæringa, der H2 no står for prosjektleiing av mellom anna eit nytt landbasert settefiskanlegg på Ænes, og nytt lakselakteri i Langevåg, fortel Håkon.

-I skrivande stund leier me prosjekt med utbyggingsverdi på godt over 1 milliard. Me er stolte og audmjuke over tilliten oppdragsgjevarane har vist oss. For H2 er det særleg viktig å bevise at ei lokal verksemd har kompetanse og erfaring nok til å vere eit fullverdig, og aller helst eit betre alternativ til dei store konsulentverksemdene frå storbyen, seier prosjektleiar Thomas Mælen.

I tillegg til store prosjekt innan oppdrettsnæringa, jobbar H2 Hardanger med mange tradisjonelle byggeprosjekt. Gjennom arbeidsfellesskapet Fuglafjell AS bygger ein mellom anna nye omsorgsbustader i Strandebarm og ny brannstasjon i Norheimsund for Kvam herad.

## FLEKSIBILITET OG TRIVSEL

Wenche Eide Skeie (37) er kontorleiar i H2. Ho fortel om store prosjekt og mykje arbeid, og eit stadig behov for fleire tilsette. Det er eit ungt arbeidsmiljø med mange småbarnsforeldre. -Me har tru på at moglegheit for fleksibilitet og eigenkontroll over arbeidssituasjonen gir auka jobbtrivsel og fridom til å få tidskabal til å gå opp. Det tener både arbeidsgjevar, tilsette og kundar på. -Me vinn saman, seier Wenche.

Sjølv om fridomen er stor, jobbar H2 Hardanger systematisk med helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid, og har fokus på at gode system skal ligge til grunn for eit ordna arbeidsmiljø. - Kaffe latte, firmaturar og gode personalfordelar er ikkje åleine svaret på ein god arbeidsplass, men i lag med alt det andre så hjelper det på, seier Wenche.



DAGLEG LEIAR HÅKON HJARTNES OG  
MEDEIAR/PROSJEKLEIAR THOMAS MÆLEN  
FOTO: HF.NO



SETTEFISKANLEGG PÅ ÆNES UNDER BYGGING.



LAKSELAKTERI I LANGEVÅG PÅ BØMLO



SIVILINGENIØR  
ERLEND UKVITNE



VELKOMSTSENTERET PÅ FOLGEFONNA.  
FOTO: LARS J. BERGE

- Etablert 2019
- Kontor i Norheimsund
- Eigd av Håkon Hjartnes, Thomas Mælen og Anders Hjartnes
- 14 tilsette (pr 1.1.2022)
- Mål om 20 tilsette innan 3 år
- Forventa omsetning i 2021: 18 millionar. (+ om lag 40% sidan 2020)
- Nye prosjekt i 2021: omlag 130.
- Samansett kompetanse:
  - 5 sivilingeniørar bygg
  - 3 ingeniør bygg
  - 1 ingeniør elektro
  - 1 ingeniør VA/akva
  - 1 maskiningeniør
  - 1 maskinoffiser
  - 1 siviløkonom
  - 1 sjukepleiar